

Styremøte i VBK 4.nov kl 19.00

Møtestad: Rådhuset

Desse møtte:

Bjørg, Mette N V, Gerd, May Vivi, Mette Marie, Magnhild

Sakliste

1.Vel møtt og konstituering av styret

Nyvald leiar Bjørg ønskte vel møtt og innleia møtet.

Forslag til fordeling av verv vart diskutert, og det vart semje om følgjande samansetting:

Leiar, vald av årsmøtet: Bjørg Sætren Kleppe

Nestleiar: Mette Natland Valdal

Kasserar: Gerd Myren Hoel

Studieleiar: May Vivi Berli

Sekretær: Magnhild Grønningsæter

1.vara som møter fast i styret: Mette Marie Døving

Vedtak: samrøystes

2.Ansvarsfordeling

Styremedlemmer som skal vere kontaktpersonar for dei ulike undergruppene:

Qviss Bjørg

Kafegruppa Mette Marie

Vertinnegruppa Mette Marie

Tur/aktivitetsgruppe Gerd

Sansehagen May Vivi

Heimeside Magnhild

Syng med oss Mette N V

Aktivitetsplan Mette N V

I tillegg blir det oppnemnd kontaktpersonar for andre tiltak og arrangement:

Beredskapskontakt Solveig

Olsokkomite Nelly

8.mars-komite Mette N V/Linda

Alle medlemmer må bidra til salet av adventskalenderar i november, avtale med Bjørg om henting. *Vedtak: samrøystes.*

3. Honorar

Tidlegare vedtekne honorar:

Rekneskapsførar kr 5000

Leiar kr 3000

Nestleiar kr 2000

Øvrige styremedlemmer, 1.vara og nettansvarleg kr 1.000 kvar.

Det vart sett fram forslag om å justere honoraret til leiar opp til kr 5.000.

Dette vart samrøystes vedteke. Øvrige honorar blir utbetalt etter tidlegare satsar.

Nødvendinge kontorutgifter m.m. vert dekt etter framlagt kvittering.

4. Økonomi

Laget har ein god økonomi. Det vil vere tenleg at føringane i rekneskapan blir meir oppsplitta for å få ein god oversikt, samt jamnleg rapportering. Kasserar og rekneskapsfører går i dialog om dette. *Gerd følgjer opp.*

5. Førjulshygge

Forslag om ein førjulskveld på Valldal skule den 3. des. kl. 18, med ulike aktivitetar og sosialt samvær. T.d. binding av kransar/pynt og baking.

Mette N V sjekkar ut om vi kan få nokon til å stå for rettleiing i kransbinding,

Bjørg, Mette M og Magnhild stiller med deiger til bakst. *Styret ordnar med arrangementet, nærare invitasjon ettekvart.*

6. «Tjuandagsfest»

Forslag om at vi flyttar det tradisjonelle julelaget på open omsorg til søndag 12. januar, og endrar det til «tjuandagsfest». *Kafegruppa må bli orientert. Mette Marie tek kontakt.*

7. Møteplan 2025

Semje om at vi held fast på møtedagar slik det har vore til no; styremøte torsdagar og bygdekvinnekveld tysdagar. *Bjørg lagar møteplan.*

8. Eventuelt

Medlemsliste; *Bjørg hentar ut oppdatert liste.*

Val av nytt medlem til tur/aktivitetsgruppa, jf. årsmøtevedtak; *forslag Signe Brenna.*

Aktivitetsplan: Mange forslag er komne inn i tillegg til forslag lagt fram i styremøte. Planen må samordnast før utsending.

Møtet slutt kl. 21.20

Magnhild

skrivar